

## Målprisen 2021

Odda Mållag deler ut Målprisen - trykket Bokstavflygarar av Solfrid Aksnes - ein gong i året. Etter innstilling frå styret er det årsmøtet i laget som tildeler prisen.

Prisen kan tildelast personar, frivillige organisasjonar, offentlege institusjonar og verksemder og næringsdrivande.

Odda Mållag har nytta seg av den spennvidda som retningslinene opnar for.

På årsmøtet 20.02.22 vart det vedteke at Kristen Daniel Eitrheim vert tildelt målprisen for 2021. Målprisen vil verta overrekt på eit offentleg arrangement i 2022.

## Grunngjeving

Kristen har lang fartstid i målrørsla og han har arbeidd, trufast og solid for målsaka ikkje minst gjennom lærargjeringa på Odda vidaregåande skule i faga norsk og historie.

Han var dugande leiar i Odda Mållag i perioden 1988-93.

Han har i perioden 1990-2021, som medlem av redaksjonsnemnda «*Odda i manns minne*», sett tydelege spor etter seg der.

Han skreiv og ein særskild grundig, informativ og rikt illustrert artikkel i *Odda i manns minne* (OiMM) i 2002: Odda Mållag 50 år: 1952-2002.

Han har skriva fleire artiklar i OiMM om viktige tema som:

Ureiningsproblem frå fabrikkane og problem for jordbruket. Eit tema som vedkom mange.

Nordag si annektering av gardane på Eitrheim og rettsoppgjeret etter krigen der staten var ein seig motpart.

Stadnamn på Eitrheim.

Artiklane er saklege og skrivne i eit framifrå språk og med god framstillingsevne.

Kristen har ofte fungert som ein «utvida språkkonsulent» i redigeringsarbeidet og har mykje av æra for at *Odda i manns minne* – språkleg sett - har halde eit godt nivå.

Då Ullensvang kommune skulle skipast som nynorskkommune føreslo Odda Mållag at det burde lagast ein målbruksplan for den nye storkommunen.

Kristen vart spurd og tok på seg arbeidet med å laga eit forslag til plan. Forslaget, med nokre endringar, vart sendt til kommunen.

Kommunen har i dag ein oppegåande målbruksplan til beste for både dei tilsette og innbyggjarane.

Kristen har og vore styremedlem i Hardanger Historielag og publisert artiklar i årboka Hardanger.

Gjennom åra har han teke del i ordskifte med lesarbrev i lokalavisa. Det siste innlegget galdt grunneigarrettar, allmenretten og vern og bruk av naturen. Innlegga hans er prega av solide kunnskapar, sakleg framstilling og ikkje minst eit klart og godt språk.

Takk vere Kristen Daniel si interesse for stadnamn, og spesielt namn på Eitrheim, har no Eitrheimselva fått att sitt gamle og rette namn Eitro.

Odda Mållag ynskjer til lukke med velfortent pris!